

Norsk språkråd
Postboks 8107 Dep
0032 Oslo

nynonemnd@sprakradet.no

Postadresse:
NRK Juridisk avdeling
0340 Oslo
Besøksadresse: Bj. Bjørnsons pl. 1

Sentralbord: 23 04 87 91
Telefaks: 23 04 71 03
E-post: olav.nyhus@nrk.no

Norsk riksringkasting as
Foretaksreg.: NO976 390 512 MVA
www.nrk.no

Deres ref:
11/135-1

Vår ref.:
ONYH

Dato:
25. februar 2011

Høyringsfråsegn om revisjonen av nynorskrettskrivinga

NRK viser til Språkrådet sitt høyringsbrev datert 1. februar 2011 med framlegg til ny rettskriving. Framlegget har vore drøfta mellom anna i Språkutvalet i NRK, som har følgjande merknader til endringsframlegget.

Språkutvalet i NRK støttar Språkrådet sitt arbeid med å laga ei tydeleg norm for nynorsk som skal gjere det lettare å vera nynorskbrukar. Utvalet ser mykje godt i framlegget til endring av nynorskrettskrivinga.

NRK må i skrift nytte eit språk som er mest mogleg forståeleg for det breie publikummet vårt. Dessutan skal det vera eit funksjonelt språk som lesarar, lydarar og sjåarar kjenner seg att i.

Utgangspunktet vårt – NRK sine språkreglar

Merknadene tek utgangspunkt i NRK sine språkreglar.

- 1) NRK skal spegle mangfaldet i det norske språket. (NRKs språkreglar (Spr.r.) 2.5)
Til dette punktet viser vi og til st.meld. 35 (2007-2008): *Det må (...) leggjast til grunn at nynorsken framleis skal vera slik utforma at han kan ha appell til språkbrukarar over heile landet, og at ein ikkje stengjer ute former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar (s. 206).* Dette punktet er særleg viktig for NRK, som har nynorskpublikum og nynorskjournalistar over heile landet. Det er og viktig for det neste punktet.
- 2) Nynorsknorma må vera slik at ho gjer det mogleg å fylle språkreglane sitt krav om 25 prosent nynorsk. NRK treng ei norm som er slik at ho passar eit mangfold av journalistar som har nynorsk som hovudmålform, slik at dei ikkje vel vekk nynorsken. Dette er også viktig med omsyn til rekruttering. To andre punkt i språkreglane byggjer opp under desse punkta:
- 3) Norma bør vere slik at det ikkje må brukast ord som er lite kjende for ein skilde målgrupper. (Spr.r. 2.3)
- 4) Norma bør og vere slik at den ein skilde medarbeidaren kan skrive eit naturleg språk med munnleg setningsbygning. (Spr.r. 2.1)

Overordna frå NRK si side

For NRK er det viktig at nynorsken får ei rettskriving som blir respektert av nynorskbrukarane våre. Dersom mykje brukte former, mellom anna former som i dag er jamstelte, går ut, risikerer ein at nynorskbrukarar føler dette som unaturleg og urett. For

privatpersonar og privateigde mediebedrifter er ikkje dette noko problem, for dei kan velje akkurat den nynorsknorma som dei sjølve ønskjer. Det er ikkje tilfelle for NRK sin del, som skal følgje offisiell rettskriving.

Språkutvalet i NRK registrerer at nynorsk i NRK ikkje er ein del av det korpuset rettskrivingsnemnda har brukt. Ein nynorskrevisjon som peiker framover, bør ta omsyn til faktisk, moderne språkbruk, til dømes nettekstar, og i dei konkrete tilbakemeldingane våre har vi og teke omsyn til den faktiske nynorskbruken på NRK.no.

Merknader til dei 10 konkrete forslaga

Språkutvalet i NRK er samde i desse forslaga:

- Berre *-stilling*, ikkje *-stelling*.
- Dobbelt konsonant som eineform i ord som *ramme* og *danne*.
- I-mål går ut av den offisielle norma.

Språkutvalet i NRK er ikkje samde i desse, og ber nemnda vurdere dei på nytt:

- Valfri samsvarbøyning i perfektum partisipp av svake verb. Utvalet meiner samsvarbøyninga bør oppretthaldast.
- *Dykk* som subjektsform jamstilt med *de*. Utvalet meiner *de* som subjektsform og *dykk* som objektsform bør vidareførast.
- Stryke jamstelte former i høgfrekvente ord som *skole* og *mye*, saman med klammeformer som *(noen)* og *(bare)*. Språkutvalet meiner at nokre jamstelte former bør oppretthaldast når det gjeld ord som er særleg mykje i bruk, som til dømes *skole*.
- Kløyvd infinitiv går ut av rettskrivinga. Språkutvalet meiner kløyving bør oppretthaldast.

Om dei tre andre kulepunktta

- berre *-leg*, ikkje *-lig*,
- valfri j i verb som *leggje/legge* og svake hokjønnsord som *enkje/enke*, og
- former med diftong som eineformer i ord som *drøyme* og *køyre*

har ikkje språkutvalet i NRK noka eintydig mening. Framlegga blir for detaljerte. Vi kjenner heller ikkje godt nok til den faktiske fordelinga av former blant nynorsk-brukarane våre til å sjå dei praktiske konsekvensane av eit vedtak, men viser til dei overordna synspunktene våre.

NRK vil elles beklage den stutte høyringsfristen.

Med venleg helsing
Norsk rikskringkasting AS



Olav A. Nyhus
juridisk direktør